Vestland fylkeskommune

**INV - Forvaltning og utgreiing**
INV - Forvaltning Bergensområdet

**Vår referanse** 2020/50645-2
**Dato** 03.06.2020

BJØRN GUNNAR FJÆRESTAD
VESTSIDEVEGEN 608
5363 ÅGOTNES

# Løyve - Avkøyrsle - Fv. 5476 Skarsvegen - Gnr 146 bnr 47 i ALVER kommune

Vestland fylkeskommune viser til søknad mottatt 08.05.2020. Saka gjeld søknad om utvida bruk av avkøyrsle for å oppføre bustad på gnr 146 bnr 47 i Alver kommune.

Vedtak:
Med heimel i veglova § 40 og §43 gir vi løyve til utvida bruk av avkøyrsle frå fv. 5476 Skarsvegen til gnr. 146 bnr. 47 i Alver kommune.

Løyvet gjeld for ei brukseining.

Bakgrunn for vedtak:
Statens vegvesen gav på vegne av Vestland fylkeskommune uttale til dispensasjonssaka i 2017.

Avkøyrsla er regulert gjennom PlanId 4631_201112 *Fv. 404, strekninga Kvamme - Fossevatnet.* Eigedomen er elles uregulert, og det er difor behov for eit eige avkøyrsleløyve.

Vi var på synfaring 20.05.2020. Fylkesvegen er ikkje bygd ut slik den er planlagt. For denne konkrete avkøyrsla vurderer vi likevel at avkøyrsla for det meste er bygd slik den er planlagt og at siktforholda er tatt i vare. Vi kan difor godkjenne ei ny brukseining som det er søkt om.

Vi minner om at eigaren eller brukaren av avkøyrsla har sjølv ansvaret for at krav til utforming av avkøyrsle til kvar tid er oppfylt, mellom anna krav til frisikt (jf. veglova § 43). Dersom krava ikkje er oppfylte, kan Vestland fylkeskommune trekkje tilbake løyvet.

## Rett til å klage

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova § 28. Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak. Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart mottatt. Klageinstansen er den fylkeskommunale klagenemnda. Send klagen til Vestland fylkeskommune post@vlfk.no, eller Vestland fylkeskommune, postboks 7900, 5020 Bergen.

Med helsing

Hege Løtveit
Leiar

Tone Bøyum
Senioringeniør

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*


| Telefon | E-post | Heimeside | EHF-Fakturaadr. | Organisasjonsnr. |
|---|---|---|---|---|
| 05557 | post@vlfk.no | www.vestlandfylke.no | 821311632 | 821 311 632 |